



Slik såg det ut på jordet laurdag ettermiddag

Laurdag må det ha vorte sett fleire rekordar på Festidalen! Oppmøtet var rekordstort som forventa på førehand, og alle dei tilgjengelege 2500 billettane vart selde. Etter ein tettpakka laurdag med familieprogram som vi kjem tilbake til, var det tett pakka med folk på Dønhaug-jordet kl.16. At det er mogeleg! Publikum fekk ein uforgløyemeleg kveld i herleg Festidalenstemning.



Publikum kosa seg frå Vamp gjekk på scenen til fyrverkeriet sette punktum.

Då Vamp gjekk på scenen litt over kl.16 var det utruleg mykje folk. Vamp sette standarden og folk kosa seg verkeleg. Aldri har det vore så mykje folk på bakkane til Magne Huglen på ein laurdags ettermiddag! Vamp skuffa ikkje, gav ein flott start. Dette kjem vi grundigare tilbake til ved musikkmeldaren vår.

Etter Vamp trekte ein del publikum seg tilbake for å returnera seinare på kvelden. Sjølv med bra med publikum, var det litt synd. Dei som var heimom gjekk nemleg glipp av svært gode konsertar av både Hear me Roar, Boy Pablo og Våanna Inget. Då Bendik gjekk på scenen var folk tilbake og det var tett i folk resten av kvelden. Etter at Susanne Sundfør hadde avslutta den store musikkettermiddagen og -kvelden var det grand finale med eit storveis fyrverkeri.

Veret var på lag, og i det vakre lyset utover kvelden var den mange som bemerkta kor flott konsertarenaen på Dønhaug ligg. Det kom verkeleg til sin rett denne kvelden. Same kva retning ein snudde seg i, såg ein kunstverk. Ein del av opplevinga!

Vi kjem tilbake med meir konsertstoff.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Stig Framnes/Festivalen